

KYRKJEBLAD FOR ÅL



SANGEJELL NATURKATEDRAL 20 ÅR / NY TRUSOPPLÆRAR OG DIAKONMEDARBEIDAR
DEN SPENNANDE DAGEN / DNK: NY ORGANISERING / DUGNADSBYGDA TORPO

NR. 3 | 2021 | 62. ÅRGANG



SANGEJELL NATURKATEDRAL JUBILERER – Sokneprest Vigdis Moen Storhaug i ny messehaket sydd av Elsa Guldsvaag (t.v.).

*Alt du skapte, gir deg ære, jord og himmel har din glans. Stjerner jubler, engler synger rundt din trone uten stans.
Skog og åser, dal og kilde, åpen slette, veldig hav, fugl i tre og bekk i fjellet synger om det liv du gav.*

Se, Han kommer!

«I går, da jeg var ung» er tittelen på en sang. Her antyder tekstforfatteren at han synes tiden går for fort. Når man er ung, kan drømmer, dager og år som ligger foran, synes mange og lange. Tidsperspektivet uendelig. Det er så mye man vil gjøre, så mange glade sanger man ønsker å synge. Men når den gamle mannen ser seg tilbake, ser han at tiden gikk altfor fort. Nå tenker han mer på alle sangene han ikke fikk sunget.

Det er «jeg meg og mitt» som har vært sentrum i mannens liv. Han har aldri stanset opp og tenkt over livets dypere mening. Ikke før nå. Plutselig ser han at han har bygget

«Gud har en plan med våre liv hele livet.»

huset sitt på sand. Han innrømmer at denne erkjennelse kommer for sent. Men på dette punktet tar den gamle feil, i hvert fall når vi ser livet vårt gjennom Jesu øyne.

Mange kjenner seg igjen. Etter 35 år som prest har jeg tenkt: Hvor ble alle disse årene av? Dagene som bare kom og gikk, begynte og sluttet, -var det alt? Noe som kan gi trøst til slike tanker er den sannhet at Gud har en plan med våre liv hele livet. Denne meningen ønsker Jesus å formidle til alle som vil lytte, og vi snakker om et budskap like mye beregnet på gamle som på unge.

«Se, han kommer» stod det på en plakate som prydet rommet mitt under ungdoms- og studietid.

I KYRKJEPORTEN



Av Arne Jensen, tidligere prostiprest

Der handlet det om den Jesu gjenkomst troende over hele verden lengter etter. Men enda mer enn å pynte et rom, preget disse tre ordene min tro og dens glede. Lysten til å leve nær Jesus ble større for hver gang jeg åpnet Bibelen.

Tidsmessig snakker vi om Jesusvekkelsen på 70- og 80-tallet. Jeg levde nok mer litt i skyggen av disse begivenhetene, men selv vekkelsens skygge var lys. Du prøvde ikke å skjule det faktum at du var kristen. Tvert imot. På vei til bibeltime bar jeg Bibelen i hånda, ikke i en veske. Jeg ville at folk skulle se! At troen skulle smitte! Troen på Jesus setter alt som er i oss

og rundt oss inn i et helt nytt lys. Det unike er at troen gjør noe både med vår fortid, nåtid og fremtid! Som prest ønsker jeg å formidle akkurat dette. Ikke bare i vekkestider, men like mye i dag. Jesus kommer ikke bare en gang i en fremtid. Jesus kommer hver eneste dag til alle som ønsker det.

Derfor kan den gamle mannen vi blir kjent med i sangen senke skuldrene. Det er ikke for sent for ham heller. Jesus elsker alle mennesker, fra unnfangelse til død. Tenk da så stort det er å få gi ham litt kjærlighet tilbake. Kanskje ved å begynne dagen med å si: «Jesus, hva er din plan med mitt liv denne dagen? For i dag vil jeg tilhøre deg.»

Sangefjell naturkatedral 20 år

Andre søndag i august feira Sangefjell naturkatedral 20 år. Sokneprest Vigdis Moen Storhaug forretta under gudstenesta, og musikaren Rebecca Loft spelte dei himmelske tonane på hardingfela si. Tidlegare diakon i Oslo domkirke, Elsa Lund Guldsvaag, også designar og syerke, hadde sydd ein messehakel til jubileet. Sjå biletet på framsida.

I 20 år har Sangefjell naturkatedral vore til glede for både hyttefolk og fastbuande. Dette er naturkatedralen som har himmelen som tak og naturen som altertavle. I murane rundt katedralen er det laga seks små kapellgrotter – med bibelske motiv - der du kan tenna takke- og bønelys, når du vil. Og ved høgalteret mot aust ser me det skinande stålkorset.



Mange har lagt ned mykje arbeid for å realisera draumen om naturkatedralen. Ein av dei er Jan P. Hagberg som også har skrive boka om katedralen, og 87-årige Elsa Guldsvaag, som altså er meister for messehakelen. Denne fargerike kappa, med sine mange symbol, skal presten nytta utanpå prestedrakta under gudstenestene.

Messehakelen er todelt: Eine sida blir framheva til sommargudstenesta, den andre til vinteren. Eine delen viser fredsdua med overflod av blomar, andre delen treeiningskorset. - Eg ville her framheva Den heilage Ande som rettleier meg og refsar meg og trøystar meg, seier Elsa, hytteålingen i hallingstakk. I mange år har ho også hatt som frivilljug oppgave å ta vare på tekstilane i Oslo domkirke.

Birger Bolstad

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Wenche Skår-Ekse • Liv Margit Sørbøen

BANKGIRO 2320.20.70272 | VIPPS 627063 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag-fredag kl. 08.30-14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no

PROST Sveinung Hansen | SOKNEPREST Vigdis Moen Storhaug | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito

KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Ingvild Kringlebotten Stautland | REINHOLDAR Rezene Habtom

KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Morten Storhaug • Tom Vidar Myrestølen | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Livet er en gave. Tilgivelse er en gave

Han hadde fått den av faren sin. Ingen av de andre barna fra nabolaget i landsbyen Fandriana på Madagaskar hadde maken.

Jo, det var nok de som hadde finere sykler med gummi hjul og stålramme. Men denne var hans og den var laget spesielt til han. Naivo kjenner seg stolt og glad hver gang han tar fram sykkelkelen. At en hvit mann stopper og tar bilde, bekrefter det han allerede vet: Sykkelen er kjempefin og han er heldig!



Livet er en gave

Det arter seg på mange vis og er ulikt for oss mennesker, akkurat som dagene er ulike.

Men det gir oss perspektiv å lese Paulus sin betraktning:

Vi er hans verk, skapt i Kristus Jesus.

Ditt liv er ditt liv, med alt det inneholder av gleder og sorger. Vi har grunn til å forvente at hver dag skal gi oss et glimt av vår skaper, et glimt av det puslespillet der vi selv er en liten brikke.

Tilgivelse er en gave

Nåde og tilgivelse er mer enn uforståelige, religiøse floskler. Det er løftene som gir oss grunn til å starte hver dag som glade optimister. Vi mislykkes ofte og i mange situasjoner, og det er lett å bli skuffa både over seg selv og andre. Men tilgivelsen gir oss nye krefter til å bevare motet og gleden, og troen på oss selv og andre - og troen på en Far i himmelen og en himmel over hverdagen.

.....
ANDAKT



Av Arild Øystese Hansen

**«For av nåde
er dere frelst, ved tro.**

**Det er ikke deres eget verk,
men Guds gave. Det hviler ikke
på gjerninger, for at ingen skal
skryte av seg selv. For vi er
hans verk, skapt i Kristus Jesus
til gode gjerninger, som Gud
på forhånd har lagt ferdige
for at vi skulle vandre i dem.»**

EFESERNE 2. 8-10

Ny trusopplærer og diakonmedarbeidar

Ingvild Kringlebotten Stautland skal vikarere som trusopplærer i 80% stilling og 20% som diakonmedarbeidar i kyrkja frå august i år til mai 2022. Ho er frå Bømlo, er 45 år og har budd her i Ål i 14 år.

Ho er utdanna lærar, og har blant anna kristendom som tilleggstudanning.

«Eg har vurdert å jobbe i kyrkja før, og no når denne stillinga var ledig, søkte eg, og eg gler meg no til å starte i denne varierte jobben», seier Ingvild.

Me ynskjer henne lukke til i dette viktige arbeidet med trusopplæring for barn og unge, og som diakonarbeidar der ho skal ha ansvar for «Tru og lys-arbeidet» og formiddagstreffa.

Liv Margit Sørbøen

SKAPARVERKETS DAG.

For ei ramme rundt Skaparverkets Dag og Verdas miljødag 6. juni – med den innholdsrike og tankevekkjande utegudstenesta på Ål bygdamuseum, i strålende ver.

Etter kyrkjekaffien tok kunnskapsrike Trygve Olaf Lindvik interesserte med på ein urtesafari på museumsområdet. Ein slik dag gir håp! På biletet Stella Solberg Skalle (t.h.) og Eira Maria Kaslegard som song under gudstenesta, medan den nye trusopplæraren, Ingvild Kringlebotten Stautland, spela til. Foto: Birger Bolstad



Etter Skuletid

Er eit tilbod til elevar frå 4.-7. klassesteget. Startar opp 6. september. Kvar måndag klokka 14-16. Måltid, leksehjelp, leik/spel inne eller ute. Til slutt undring i kyrkja. Er også eit integreringstiltak og er del av KIA-arbeidet.



Glade born og vaksne – og hundar!
Dette er den såkalla kohort Fiske og redningshund. Borna var med på sportrening med redningshunden Birk (framme) saman med Terje Olsen frå Norske Redningshunder. Etter skuletid-hunden til diakon Hilde Kirkebøen heiter Leah.

Foto: Terje Olsen



Laura hesjar på museet.

Foto: Inga Stoveland Dekko

Den spennande dagen



Så spennande å klatre, synest Medhane.

Foto: Johanne Marie Jordet

BUK, dette merkelege ordet som er forkorting for Barnas Uke i Kyrkja, blir berre betre og betre. Koronaen gjorde dessverre veka til berre ein dag i år også, 22. juni, men for ein dag! Glade born, ferdige med 1.-4. klasse, deltok med liv og lyst. Borna kunne vera med på fiske, friluftsliv og hund, sykling, freesbeegolf og buldring, eller kva med spikking, hundeleik og friluftsliv på museet? Og kva med dei unge kunstnarane i kyrkjestugu som berre elsker å skapa? Dei som var med på fisketuren til dømes, fekk heile 19 fisk i garna og to fisk på stong!

Det er soknerådet for Leveld, Torpo og Ål som gir denne dagen i gåve til borna i bygdene våre. Til hausten, 22. november, blir det mini-BUK.

Takk til alle som gjer BUK mogeleg!

Birger Bolstad



Gode veninner. Marissa Agnete og Frida.

Foto: Kristine G. Andersen



Moro å sykle!

Foto: Knut Myking

Ei ny organisering av Den norske kyrkja

Korleis skal Den norske kyrkja organiserast? Sokneråd, fellesråd og bispedømmeråd landet rundt arbeider med dette spørsmålet, Kyrkjemøtet avgjer.

AV INGA STOVELAND DEKKO
OG ØYSTEIN LAPPEGARD

Etter at staten og kyrkja skilde lag, har kyrkja arbeidd med spørsmålet om ei ny organisering. Kyrkja har ein kompleks organisasjon. Frivillige og tilsette arbeider hand i hand, rollene til folkevalde organ (bispedømmeråd og sokneråd) skal balanserast opp mot biskopen og prestane sine roller. Særleg vanskeleg har det vore at prestane og dei andre tilsette i kyrkja har hatt kvar sin arbeids-gjevar, - bispedømmerådet for prestane og det lokale fellesrådet for dei andre tilsette. Det vert peika på at ein mange stader får små og sårbare arbeidsmiljø, det kan vera vanskeleg med styring, konflikthandtering og rekruttering.

Hovudutvalet sin rapport

Mandatet for hovudutvalet var å utgreie ein modell der alt arbeidsgjevaransvar for alle tilsette var samla i eit nytt organ på prostnivå. Tanken var at eit organ på prostnivå ville vera nært nok til lokalmiljøet, men samtidig stort nok til å kunne vera ein profesjonell arbeidsgjevar. Dette er ei løysing som av mange vert sett som interessant, men som altså ikkje er vedteke korkje av Kyrkerådet (kyrkja si regjering) eller Kyrkjemøtet (kyrkja sitt storting). Fyrst vil ein innhente høyringsuttaler.

Den omfattande rapporten er slett ikkje einstemmig. Men utvalet er samd i målsetjingane for ei ny organisering: Soknet skal vera grunneininga i kyrkja, ein skal samle kompetanse og styrke kyrkja sitt arbeid lokalt, roller og mandat skal vera tydeleg avklara og det skal vera god leiing på alle nivå.

Folkevalde organ

Det er ikkje forslag om endringar for sokneråda. Men på prostiplan skal

det opprettast eit nytt organ, eit prostifellesråd. Dette skal erstatte dagens fellesråd og overta fellesråda sine arbeidsoppgåver. Prostifellesrådet skal etter fleirtalet i hovudutvalet si mein-ning, vera arbeidsgjevar for alle tilsette i prostiet, både prestane og dei andre tilsette. Samansetjinga av prostifellesrådet skal bestemmast lokalt, men i prinsippet skal det vera ein representant frå kvart sokneråd. I tillegg skal det vera ein geistleg representant. Fleirtalet i hovudutvalet ynskjer også ein kommunal representant.

Bispedømmerådet vil miste arbeidsgjevaransvaret for prestane, men vil få større ansvar for strategiske val, rådgeving, fagleg utvikling og kompetanseheving. Representantane frå bispedømmet som gjennom direkte val vert vald til Kyrkjemøtet, skal også sitje i bispedømmerådet. I tillegg skal kvart prostifellesråd stille med ein representant til bispedømmerådet.

Dagleg leiing i prostiet

Både prostar og kyrkjeveverjer vil få endra arbeidssituasjon. Det skal tilsetjast ein dagleg leiar i prostiet. Fleirtalet i utvalet meiner dette skal vera ein leiar som



Medlemmer i bispedømmerådet og på Kyrkjemøtet, Inga Stoveland Dekko og Øystein Lappegard, begge frå Ål, ynskjer lokale innspel om korleis Den norske kyrkja skal organiserast. Dei skal vera med og avgjera saka. (Foto: Birger Bolstad)

FAKTA

- Den norske kyrkja skal omorganisast.
- Ein omfattande rapport er utgangspunktet for drøftingane. Sjå rapport og informasjon her: <https://kirken.no/kirkeligorganisering>
- Eit viktig spørsmål er: Kven skal ha arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i kyrkja?
- Lokale sokneråd-fellesråd arbeider med å gjere høyringssvar til rapporten.
- Kyrkjemøtet vil gjere prinsippvedtak i 2022 og året etter gjere endeleg vedtak.

enten har kyrkjefagleg eller administrativ bakgrunn. Det skal vera ein nestleiar med komplementær bakgrunn. Eit lite mindretal meiner at den daglege leiaren skal ha administrativ kompetanse med ein prost i stabsfunksjon. Og eit større mindretal meiner at det skal vera to likestilte leiarar tilsvarande den ordninga ein i dag har med kyrkjeveverje og prost. Biskopen vil miste arbeidsgjevaransvaret sitt, men få styrke rolla som kyrkjeleiar og tilsynsperson.

Prossessen vidare

Vi oppmodar både frivillige, tilsette i kyrkja og sokneråda til å gå inn i drøftingar om den nye organiseringa av Den norske kyrkja med eit lyttande sinn. Her finst ingen fasit, berre gode og mindre gode løysingar alt etter kva ein vel å setja fokus på. Vi er bedne om å lytte til dei lokale drøftingane. Bruk oss gjerne dersom de har meiningar eller løysingar de vil lyfte fram.

Dette er ein kortversjon om den nye organiseringa av kyrkja. Les heile orienteringa på heimesida vår: www.aal.kyrkja.no

Formiddagstreff i Ål kyrkjestugu

Første onsdag i månaden kl. 11-13:

Onsdag 1. september

Tema: Kva skjer i Ål? Informasjon om aktivitetar og tilbod ved dagleg leiar i Ål frivilligsentral Turid Hilde S. Gåsbakk
Andakt: Målfrid Bergaplass Anderson

Onsdag 6. oktober:

Knut Oleivsgard: Farbror Otto sin jaktturn på Reineskarvet under krigen.
Andakt: Ingvild Kringlebotten Stautland

Onsdag 3. november:

Margit Skrindo: Opplesing frå «Mi Livssoge fortalt av Birgit Einarsen»
Andakt: Roar Halvåg

Onsdag 1. desember:

Tema TID miljø, song og musikk ved Ingunn Solberg Skalle og Kristine Giljebrekke Andersen
Andakt: Kristine Giljebrekke Andersen

Behov for skyss? Ring kyrkjekontoret tlf. 32 08 61 61.

Formiddagstreff i Vats bedehus

Onsdag 29. september kl. 12 – 14

Tore Bøygard: Frå kyrkjetenar til skiskyttopresident.
Andakt: Ingvild Kringlebotten Stautland

Onsdag 24. november kl. 12- 14

Tema og andakt v/Jan Olav Skinnemoen: Hans Nielsen Hauge – ein modig vandringsmann i teneste for Gud og samfunnet

Behov for skyss? Ring: 971 04 441

Meir info om formiddagstreffa: www.aal.kyrkja.no og annonse i Hallingdølen

Hautfestar

Er haustfestane mogeleg å gjennomføra? Hilde diakon håpar det. Følg med på annonse i Hallingdølen.

Baby- og småbarnssong

Torsdagar kl 11.00 i partalsveker i kyrkjestugu. Kontakt Ingvild Kringlebotten Stautland på tlf. 90041993.

Sorggruppe

Døden kan kome brått, andre gonger meir venta. Men å miste nokon i nær relasjon vekkjer tankar og kjensler hjå oss. Å setje ord på dette kan vere til hjelp. Dette er ei gruppe der me kjem saman for å gje rom for sorga, støtte og hjelpe kvarandre. Leiarane og deltakarane har teieplikt. Ein bestemme sjølv kva ein vil dele i gruppa.

Det vil vere ei enkel samtaleform rundt ein kopp kaffe og te. Me tek utgangspunkt i aktuelle tema og tema som deltakarane i gruppa ynskjer å ta opp. Alle får høve til å snakke om sine opplevingar.



Foto: Birger Bolstad

På fyrste samlinga i Ål kyrkje i november bestemmer me møtedagar og tidspunkt for samlingane framover.

Påmelding til kyrkjekontoret tlf 32 08 61 61 eller til diakon mob 40 45 57 83.

Ring også om du

har spørsmål, eller ynskjer ein samtale /besøk. Dersom det blir færre enn fire påmeldte, vert det ikkje gruppe.

*Hilde Kirkebøen, diakon
Vigdis Moen Storhaug, sokneprest*

Hans Nielsen Hauge til Ål

I år er det 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd, mannen som kom til å setja eit stem-



pel på det religiøse livet i Noreg gjennom heile 1800-talet, og vidare framover. Han var lekpredikanten og folkevekkjaren, industrigründeren og samfunnsreformatoren.

23. september kjem teaterlaget Ryfylke livsgnist med jubileumsspelet «Haugespor – Skaparånd, spetakkel.... og strikkepinnar» til

Ål kyrkje. Møt dei som var med og mot Hans Nielsen Hauge, forfølgjarar og etterfølgjarar.

Fire skodespelarar og muskar spelar 30 roller, i alvor og skjemt. Arrangør er Ål kyrkjeakademi, Ål Normisjon og Leveld, Torpo og Ål sokneråd.

Hans Nielsen Hauge sette djupe spor etter seg også her i Ål. Det skriv lokalhistorikar Thor Warberg om i neste nummer av kyrkjebladet.

Til fordjuping

- Det er så mykje me kan ynskja å fordjupa oss i; det er så mangt å undra seg over. Det seier den nye trusopplæraren vår, Ingvild Kringlebotten Stautland (bilete). Ho har tre tips til interesserte:



Foto: Birger Bolstad

- **Serien» The Chosen». To sesongar til no. Gratis. Kan sjåast på appen «The Chosen» eller på YouTube.**
- **YouTube «Peter Halldorf: Tidebønn- en introduksjon»**
- **Nettsida tidebønn.no**

VI GÅR I KYRKJA

SEPTEMBER

05.09.2021 Luk 10,38-42

Torpo kyrkje 11:00
konfirmasjon
Vats fjellkyrkje 11:00
Ål kyrkje 18:00
Folkemusikk gudst

11.09.2021 Luk 10,38-42

Ål kyrkje 11:00
konfirmasjon

12.09.2021 Matt 5,10-12

Leveld kyrkje 11:00
konfirmasjon

19.09.2021 Luk 7,11-17

Ål kyrkje 11:00
konfirmasjon
Vats fjellkyrkje 11:00

26.09.2021 Matt 8,5-13

Torpo kyrkje 11:00
Vats fjellkyrkje 11:00

OKTOBER

03.10.2021 5 Mos 30,11-15

Vats fjellkyrkje 11:00

10.10.2021 Mark 10,2-9

Ål kyrkje 11:00
konfirmantpresentasjon

17.10.2021 Luk 16,19-31

Torpo kyrkje 11:00
misjonsdag + konf. pres

24.10.2021 Joh 12,35-36

Leveld kyrkje 11:00
konfirmantpresentasjon
Ål kyrkje 11:00
FMG+50-årskonf 2020

31.10.2021 Luk 18,9-14

Ål kyrkje 11:00
bots-og bønadedag

NOVEMBER

07.11.2021 Matt 5,13-16

Helgemesser
Leveld kyrkje 11:00
Torpo kyrkje 11:00
Ål kyrkje 17:00

14.11.2021 Matt 14,22-34

Ål kyrkje 11:00
50-årskonf 2021

21.11.2021 Matt 25,1-13

Torpo kyrkje 11:00

28.11.2021 Matt 21,10-17

Ål kyrkje 11:00
1 s i advent, lys vaken
Torpo kyrkje 18:00
lysmesse

Open kyrkje og tidebøn

Måndag-fredag
kl. 8.30-14.
Tidebøn kl. 8.30
og kl. 11.15.
Onsdagar open kyrkje
kl. 19-20.30.
I tillegg blir det siste
onsdag i månaden enkel
kveldsmesse kl. 18.30-19
og Mat og prat kl. 19-20
i sakristiet

Tru og lys

I Kyrkjestugu og Ål kyrkje kl. 17-19:

Måndag 30.august

Tur til Vats Fjellkyrkje
Sigurd Dahle

Måndag 27.september

I kyrkja: Guri Ekse

Måndag 25.oktober

I kyrkja: Ingvild
Kringlebotten Stautland

Måndag 29.november

Juleavslutning kafe TID m/
julegraut, julemusikk og
Vigdis Moen Storhaug

DØDE

Ål

14.04.2021	Anna Tolpinrud	f.1932
23.04.2021	Erling Tveito	f.1943
27.04.2021	Ingrid Dalseide	f.1929
10.05.2021	Sissel Marie	
	Hjørnstad Solberg	f.1959
18.05.2021	Gudrun Holo	f.1924
28.05.2021	Ruth Ekra	f.1928
30.05.2021	Astrid Oline Grue	f.1934
26.06.2021	Laila Ruth Kvalvågnes	f.1928
08.07.2021	Per Eliassen	f.1959
08.07.2021	Sigurd Sveinhaug	f.1955
13.07.2021	Oliver Kvalvågnes	f.1924

Leveld

18.04.2021	Inger-Lise Rom Lågrinn	f.1942
05.07.2021	Sevat Tveito	f.1942

Torpo

26.04.2021	Arvid Johan	
	Kommandantvold	f.1950
25.05.2021	Helge H.Uhlen	f.1930

DÅP

Ål

09.05.2021	Maxim Alexandrovitsj	
	Taktayev	
04.07.2021	Åsmund Thoen Haugen	
24.07.2021	Elise Nordnes	
01.08.2021	Emma Johanne Olsen	
01.08.2021	William Sørboen Hallingstad	
01.08.2021	Håkon Dalsegg Haugerud	

Torpo

13.05.2021	Henrik Toppen Vanvik	
------------	----------------------	--

Nystølkyrkja

24.07.2021	Ada Ødegård	
25.07.2021	Sigri Høgset Bøygard	
25.07.2021	Edwardt Nilsen Sedahl	

VIGDE

Ål Kyrkje

02.01.2021	Cherryl Maritza Paujali	
	og Tor Egil Disen	
24.06.2021	Anne Kvalvågnes	
	og Jørn Inge Nordnes	

Torpo Stavkyrkje

17.07.2021	Gerd Berit Uhlen	
	og Jørn Olav Jægersborg	

Bønnekapellet, Ål

20.06.2021	Lene Bjørndal Midttun	
	og Kjetil Vesterøy	

Global veke i november

Også i år vil me markere global veke og diakoniens dag i samband med Lys vaken-helga 27.-28. november, der konfirantar er med som leiarar.

Det er kyrkjesamfunna i Norges Kristne Råd (NKR) som står bak Globale veke, som blir markert rundt om i landet. Globale veke blir drive med støtte frå Norad, Justis – og beredskapsdepartementet og Kirkens Nødhjelp og skal belyse global urettferd.

Tema for global veke 2016-2022 er «Moderne slaveri». Det er viktig å formidle alvoret og samtidig kunne formidle håp. Sigmund Hegstad, ballettkunstnar og grundar av klesmerket Faire&Square kjem. Hegstad har jobba i Framtiden i våre hender, og jobbar for å endre klesindustrien og folks haldningar til denne.



Illustrasjon: pixabay

Vi veit at dei som produserer klede for oss, ikkje blir behandla på ein god måte.

Barn og ungdom frå sjette klasse og oppover vil vere engasjert i ulike aktivitetar laurdag 27. november; det blir mannekengoppvisning og sal av klede på kafe TID på dagen. Sundag blir Global veke markert under gudstenesta med deltaking frå barn og ungdom med dans, bøn m.m.

Hilde Kirkebøen, diakon

NY FACEBOOK-SIDE

Trusopplæringa har fått ny Facebook-side, «Barn og ungdom i Torpo, Leveld og Ål sokn». Her vil de finna informasjon om mini-BUK som er 22.november blant anna. Kontakt trusopplærar Ingvild Kringlebotten Stautland om du har spørsmål eller vil melda på barnet: tlf 90041993, e-post ingvild.kringlebotten.stautland@hallingnett.no

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut til 3. desember. Stoff til bladet må leverast kyrkjekontoret/epost: aal.kyrkje@hallingnett.no innan 2. november 2021.

Dugnadsbygda Torpo

- Er det verkeleg sant at du, Ola Helling, har vore med på over 50 dugnader, altså delteke i over 50 år, på Torpo kyrkjegard? 92-åringen smiler litt og må nok vedgå at «jo, det er nok noko slikt, ja».



92-åringe Ola Helling har stilt på over 50 dugnader på Torpo kyrkjegard!

- Arbeidsfellesskap gir glede, meiner frå venstre Even Medhus, Ola Knaldre, Helga Kolsrud, Peder Kolsrud og Svein Medhus.



Av Birger Bolstad (tekst og foto)

Det har alltid vore godt fram-møte til den årlege dugnaden på kyrkjegarden på Torpo. Då skal det gjerast fint etter vinteren. Mykje lauv og kvist og kvast skal bort. Om våren bruker det jo vera konfirma-sjon (når det ikkje er korona), og 17. mai kjem kvart år. Kyrkjegarden skal skina. Uansett. Og bygda stiller opp, det har torpingane alltid gjort. Kyrkja og kyrkjegarden er viktig.

I år var dugnaden laurdag 8. mai, frigjeringsdagen, i strålende ver. 32 torpingar stilte med traktor og trillebår og rive og spade og spett. Og dagen før hadde andre raka saman lauv, det høvde nok ikkje på sjølve dugnadsdagen. Enkelte år har det delteke både 50 og 60 dugnadsfolk, kan kyrkjevevja Kjellfred Dekko avsløra, også han torping.

Godt fellesskap, godt miljø

Korleis er slikt engasjement mogeleg? 92-åringe Ola Helling har noko av svaret når han seier at «her kjem så mange trivelege folk».

Og det er mange av dei same eldsjelene, gamle vener, som kjem att, år etter år. Det blir difor eit godt miljø rundt arbeidet på kyrkjegarden. For mange er dugnaden vårens vakraste eventyr, som ein sa det over kaffikoppen etterpå. For etter endt arbeid er jo ein kopp kaffi, eit kakustykke og hyggeleg samvære toppen av alt!

- For dette vil eg jo vera med på, seier Ola Helling.

Men det var faktisk dagen etter dugnaden at kyrkjebladet fekk tips om denne dugnadsveteranen, ringte så Ola og spurde om han ville stille opp til intervju og bilettaking på kyrkjegarden?

- Skal eg koma og henta deg, spurde bladfyken, om du vågar å setja deg inn i ein framand bil, då. i desse koronatider?

- Men kan eg ikkje køyra til kyrkja i min eigen bil då? spurde Ola, og slik vart det sjølvst. For Ola er jo så sprek og lett på foten.

Hald deg i aktivitet

Så vart me sitjande på ein benk ved kyrkjestugu og prata om dugnaden, Ola og kyrkjeblad-redaktøren. Ein kan undra seg, korleis er det mogeleg for ein mann i 90-åra å vera med på slikt?

- Det handlar om å halda seg i aktivitet, seier Ola.

For han har det alltid vore slik. Til dømes arbeidde Ola Helling i 39 år som sjåfør og altmogeleg-mann på Torpomoen, og når han skulle på jobb, sykla han dei 4 – 5 kilometrane frå Vesledalsfeltet til Torpomoen, sommar som vinter, i all slags ver. Det var slik han heldt seg i god fysisk form, ved sida, sjølvst, av hus og heim og anna engasjement, til dømes arbeidet med klubbhuset på Bakketun.

Jovisst gler me oss til neste års dugnad, vårens vakraste eventyr!

KYRKJEBLADET TRENG STØTTE!

Takk for at du vippsar til 627063

